



# Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv



2016 - 2022

Seksjon for oppvekst, kultur og idrett

30.03.2016

Rådmannen

# Innhaldsliste:

<b>1. Innleiing og bakgrunn for planen.....</b>	<b>4</b>
<b>1.1. Mandat .....</b>	<b>4</b>
<b>1.2. Behov og føremål med planen.....</b>	<b>4</b>
<b>1.3. Planprosessen.....</b>	<b>5</b>
<b>1.4. Handlingsplanen sitt omfang .....</b>	<b>5</b>
<b>2. Overordna rammer og premisser .....</b>	<b>6</b>
<b>2.1 Nasjonale føringer .....</b>	<b>6</b>
<b>2.2 Regionale føringer .....</b>	<b>7</b>
<b>2.3 Overordna kommunale planar .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Status førre plan .....</b>	<b>9</b>
<b>3.1 Målsetjingar .....</b>	<b>9</b>
<b>4. Hovudutfordringar .....</b>	<b>11</b>
<b>4.1 Generelle utviklingstrekk .....</b>	<b>13</b>
<b>4.2 Universell utforming og folkehelse .....</b>	<b>14</b>
<b>4.3 Satsing på folkehelsearbeid og universell utforming i Bømlo .....</b>	<b>15</b>
4.3.1 Folkehelse.....	15
4.3.2 Universell utforming.....	16
<b>4.4 Natur, miljø og estetikk.....</b>	<b>16</b>
<b>4.5 Bygging av anlegg .....</b>	<b>16</b>
<b>4.6 Rolle og ansvarsdeling .....</b>	<b>17</b>
<b>4.7 Forvaltning, drift og vedlikehald.....</b>	<b>18</b>
4.7.1 Generelt.....	18
4.7.2 Idrett.....	18
4.7.3 Friluftsliv .....	18
<b>5. Anleggsstatus og aktuelle prosjekt .....</b>	<b>20</b>
<b>5.1 Generelt.....</b>	<b>20</b>
<b>5.2 Idrett og idrettsanlegg .....</b>	<b>20</b>
5.2.1 Fotball.....	20
5.2.2 Friidrett.....	21
5.2.3 Handball .....	21
5.2.4 Sandvolleyball.....	21
5.2.5 Kampsportidrettar.....	21
5.2.6 Racketidrettar.....	21

5.2.7 Turn .....	22
5.2.8 Andre innandørsaktivitetar .....	22
5.2.9 Skyting .....	22
5.2.10 Symjing .....	22
5.2.11 Hestesport .....	22
5.2.12 Motorsport .....	23
5.2.13 Andre idrettar .....	23
5.2.14 Idrettsbygg .....	23
5.2.15 Helsesport og trim/treningssenter .....	23
<b>5.3 Natur- og friluftsanlegg .....</b>	<b>24</b>
5.3.1 Turvegar/turstiar .....	24
5.3.2 Toalettanlegg .....	25
5.3.3 Badeplassar .....	25
<b>5.4 Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde .....</b>	<b>25</b>
5.4.1 Ballbinger .....	25
5.4.2 Aktivitetsløyper/anlegg .....	26
5.4.3 Klatreveggar .....	26
5.4.4 Skateboard .....	26
5.4.5 Andre nærmiljøanlegg .....	27
<b>5.5 Godkjenning og finansiering av bygg og anleggstiltak .....</b>	<b>27</b>
5.5.1 Statlege tilskot .....	27
5.5.2 Andre tilskot .....	28
<b>6. Mål og strategiar .....</b>	<b>29</b>
<b>6.1. Overordna målsetjingar .....</b>	<b>29</b>
<b>6.2 Delmål .....</b>	<b>31</b>
6.2.1 Aktivitet .....	31
6.2.2 Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv .....	32
<b>7. Handlings- og langtidsprogram .....</b>	<b>33</b>
<b>7.1 Prioritert handlingsprogram ordinære anlegg 2015-2018 .....</b>	<b>33</b>
<b>7.2 Prioritert handlingsprogram nærmiljøanlegg 2015-2018 .....</b>	<b>33</b>
<b>7.3 Langtidsprogram 2015-2025, ikkje prioritert .....</b>	<b>34</b>
<b>8. Vedlegg .....</b>	<b>35</b>
<b>Vedlegg 1 - Klargjering av omgrep .....</b>	<b>35</b>
<b>Vedlegg 2 – Kartoversikt anlegg .....</b>	<b>37</b>
<b>Vedlegg 3 – Anleggnamn og –nummer .....</b>	<b>38</b>
<b>Vedlegg 4 – Friluftsområder i Bømlo .....</b>	<b>44</b>

# 1. Innleiing og bakgrunn for planen

Inneverande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er gjeldande for perioden 2003 – 2006. Planlegginga på feltet er med det noko på etterskot i høve behova.

Innan idrett er det behov for ein meir detaljert plan som mellom anna tek føre seg målsettingar, resultatvurderingar og ein detaljert analyse av kommunen si satsing på idrett og fysisk aktivitet.

Denne planen er Bømlo kommune sitt verktøy for å sikra ei styrt utvikling innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Det er Bømlo kommune sitt ansvar å skapa ein god balanse mellom innmelde ynskje, faktiske behov og økonomisk realistiske løysingar.

Gjennom kommunedelplanen får Bømlo kommune eit oppdatert planverktøy som speglar dagens situasjon og framtidige ynskje og behov. Planen står i samanheng med kommunedelplanen sin samfunnssdel.

## 1.1. Mandat

Revidere tidlegare kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet i Bømlo kommune frå 2003 – 2006, og utarbeide ein ny handlingsplan for område gjeldande for perioden 2015 – 2022. Dette er det tredje plan-dokumentet innan planområde.

## 1.2. Behov og føremål med planen

Kommunedelplanen har fleire viktige funksjonar.

Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Det krev aktiv samfunnsplassering for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til ei fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane. For å oppnå dette er det viktig med ein god handlingsplan som politisk styringsredskap for utvikling innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planen skal området bli gjenstand for klare behovsvurderingar i høve samfunnsmessige og idrettspolitiske mål.

Kommunedelplanen skal vera eit overordna politisk styringsdokument der samfunnsmessige behov blir avdekka, og der ein set mål og vedtek løysingar for området på kort og lang sikt. Kommunedelplanen er og eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvalting av oppgåver innan områda idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Såleis vil planen vera styrande for samarbeidet mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane. Planen skal m.a. sikra:

- God kommunal styring av anleggsutbygginga
- Klare politiske prioriteringar på planfeltet
- Riktige mål og vegval
- Følgja opp samarbeidsavtalen mellom Bømlo idrettsråd og Bømlo kommune.
- Grunnlag for å kunne søkja om spelemidlar til friluftsføremål, idrettsanlegg osb.

### **1.3. Planprosessen**

Det er gjennomført høyring i samband med arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015–2022. Første dokument som var på høyring og offentleg ettersyn var planprogrammet. Endelig utkast til kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 -2022 blei sendt på høyring, den 14.12.2015. Høyringa blei kunngjort i presse og på internett i tillegg til at dei mest sentrale aktørane (høyringsinstansane) fekk eigne høyringsbrev.

Planen ligg under området oppvekst, kultur og idrett. Folkehelsekoordinator og arealbruk har i tillegg til idrettsrådet og turlaget, vore sentrale parter i arbeidet med planen.

Leiargruppa har vore styringsgruppe for planen medan utval for oppvekst, kultur og idrett har vore referansegruppe.

Arbeidsgruppa har hatt ansvar for å gjennomføre naudsynte utgreiingar og arbeida fram innhaldet i planen, samt halde styringsgruppa orientert.

### **1.4. Handlingsplanen sitt omfang**

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein sektoriell plan under kommunedelplanen.

Tidsperspektivet for kommunedelplanen er på 7 år.

Gjeldande plan 2003 – 2006 har hatt eit 4 års perspektiv. Planen sitt fireårige prioriterte handlingsprogram skal rullerast kvart år. Etter plan- og bygningsloven skal planen reviderast med fullstendig sakshandsaming minst ein gong i kvar valperiode. Dette gjeld også dersom det blir gjort større endringar i planen.

Tilskot gjennom spelemiddelordninga gjeld ikkje berre for anlegg knytt til dei tradisjonelle idrettslag. På skular kan utvikling av skulegarden også vera eit område. I tillegg kjem nærmiljøtiltak knytt til foreiningar, grändalag og andre stiftingar med godkjente vedtekter. Utvikling av friluftsområde der kommunen samarbeider med friluftslivsorganisasjonar.

## 2. Overordna rammer og premisser

Grunngjevinga for statleg medverknad og støtteordningar til idrett og fysisk aktivitet er knytt til eigen- og nytteverdien av idrett og fysisk aktivitet. Nytteverdien er særskild knytt til førebyggjande helsearbeid. Det finst ei rekke statlege dokument som peikar på viktigheita av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, og som er retningsgjevande for det kommunale arbeid og prioriteringar på område. På idrettsfeltet er idrett og fysisk aktivitet for alle uteha som den overordna visjonen for statleg idrettspolitikk. Staten si oppgåve er først og fremst og sørja for best mogleg rammevilkår for den medlemsbaserte idretten, men også å leggja til rette for eigenorganisert fysisk aktivitet og trening. I St.meld nr 14 (1999 – 2000), **Idrettslivet i endring** gjer departementet uttrykk for at det ikkje berre er organisert idrett som har rett til offentleg støtte. Alle skal få høve til å driva idrett og fysisk aktivitet tilpassa den lokale aktivitetsprofilen, men barn og unge er primær målgruppe.

### 2.1 Nasjonale føringer

Gjeldande friluftslivspolitikk legg til grunn at friluftsliv er eit velferdsgode som skal sikrast og fordelast jamt i befolkninga. I St.meld nr 39 (2000 – 2001), **Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet** blir det sett fokus på friluftslivet si evne til å skapa god livskvalitet, auka trivsel, betre folkehelsa og ei berekraftig utvikling. Dei viktigaste nasjonale måla er å sikre allemannsretten og naturområde, utvikla samanhengande grøntområde, samt oppretthalda gode aktivitetstilbod til barn og unge.

I høve folkehelseperspektivet i denne planen får St.meld nr 19 (tredt i kraft 01.01.12), **Lov om folkehelse (Folkehelseloven)** betydning for planarbeidet, då den skildrar satsing på førebygging som ein viktig del av ny framtidig kommunerolle. Med samhandlingsreforma foreslo regjeringa ei auka satsing på førebyggjande helsearbeid i kommunane, og å tildela kommunane midlar til oppfølging av reforma. I 2011 blei reforma for alvor sett i gong med regjeringa sitt framlegg til Nasjonal helse- og omsorgstenester og Lov om folkehelse.

Også Plan- og bygningsloven (2008) tek i vare eit folkehensyn og bidreg til å forankra folkehelsearbeid i plan- og styringsdokument. All planlegging etter denne lova skal fremja befolkninga si helse og motverka sosiale helseforskellar.

Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005 – 2009, Saman for fysisk aktivitet, framhev viktigheita av fysisk aktivitet for befolkninga si helse og trivsel. Planen ser på fysisk aktivitet i eit større perspektiv enn før. Auka fysisk aktivitet og betre folkehelse skal bli nådd gjennom ein samla strategi som omfattar tiltak på fleire samfunnsområde, m.a. i barnehage, skule, arbeidsplass, transport, nærmiljø og fritid.

Diskriminerings- og tilgjengelighetslova (2013) har som føremål å fremja likestilling og likeverd. Ein skal sikra alle, uavhengig av funksjonsevne, like høve og rettighetar til samfunnsseltaking, og hindra diskriminering på bakgrunn av nedsatt funksjonsevne. Plikt til universell utforming av offentlege bygg og anlegg er heimla i § 9 Plikt til generell tilrettelegging (universell utforming).

I St.meld nr 39 (2006 – 2007), **Frivillighet for alle**, blir det sett fokus på omfanget og tydinga av det frivillige arbeidet innan den organiserte idretten. Frivillighetsmeldinga streker under at frivillig sektor yt uvurderlege bidrag til samfunnet gjennom tenesteproduksjon og omfattande frivillig innsats. Den viktigaste verdien i frivillig sektor ligg i organisasjonane sine bidrag til den enkelte sin livskvalitet, gjennom gode oppvekstmiljø, møtestader, inkludering, opplæring, meiningsdanning og demokratibygging. Heile 58 % av befolkninga deltek i frivillig innsats, og 80 % er medlem i ein eller fleire organisasjonar.

Andre aktuelle styringsdokument er:

- Nasjonal transportplan 2013 – 2025 (nytt planforslag er ute til høyring).
- Nasjonal strategi for aktivt friluftsliv 2014 – 2020.
- Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområdet 2014 – 2020.

## 2.2 Regionale føringer

Hordaland fylkeskommune har ei sentral rolle som regional utviklar og har det regionalpolitiske ansvaret for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Gjeldande fylkesplan med ein 4 årig handlingsplan er PREMISS: KULTUR 2015 – 2025. Denne er retningsgjevande for arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv fram mot 2025. Hovudmålet er at alle skal kunne vera aktive kvar dag, nært der dei bur.

*«PREMISS: KULTUR er Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025. Omgrepet kultur blir i planen nyttet som eit samleomgrep og inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.*

*Eit heilskapleg syn på mennesket er berande i planen, med mål om å fremja utvikling av aktive, skapande og samhandlande menneske. Kulturplanen har såleis eit vidt verkefelt, frå eldre kulturhistorie og kulturminne, produksjon og formidling av dagsaktuelle kunstuttrykk til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Planen omfattar både profesjonelt og frivillig kulturliv, arenaer og kulturaktivitetar. Kultur er og eit fundament i folkehelsearbeidet og bidreg til helse og trivsel for innbyggjarane. Å samle heile kulturområdet i ein plan, er å invitere til eit felles arbeid for å skape eit større, sterkare og meir heilskapleg kulturfelt».*

Andre følgjande regionale styringsdokument:

- Område for friluftsliv – Kartlegging og verdisetting av viktige område i Hordaland, Prosjektrapport 2008.

### Regional plan for idrett og kulturanlegg

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tok i 2001 initiativ til ein regional plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg. Bakgrunnen var eit ynskje om betre samarbeid om defineringa av regionale anlegg, planlegging av nye regionale anlegg og om utvikling av anlegg som blir definert som regionale. Den første prioritieringslista for idrett, friluftsliv og kulturanlegg for Sunnhordland blei vedteke i Samarbeidsrådet for Sunnhordland i januar 2001. Seinare er planen rullert og revidert annakvart år. Målet med planen er å syna heilsapen i anleggsutbygginga og betra tilbodet for fastbuande og tilreisande. Vidare vil ein skapa ein struktur i satsinga med god utvikling og breidde i tilboda. Det er viktig at det er ei felles forståing for regionale anlegg og kva dette inneber.

Planen viser og kva idrettsanlegg som bør byggjast i regionen.

Planen er planlagt rullert i 2016.

## 2.3 Overordna kommunale planar

Handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet 2015 – 2022 er samordna med eksisterande plandokument og vedtak i Bømlo kommune.

Kommuneplan 2014 – 2024 er kommunen sitt fremste arealpolitiske styringsverktøy og legg rammene for den langsigtige utviklinga av kommunen. Dette set overordna rammer for den fysiske og framtidige lokaliseringa av m.a. anlegg, løypetrasear og friluftsområde.

Velferdsplan 2016 – 2019

Trafikksikringsplan 2011 - 2015

Oversiktsdokument folkehelse

Gjeldande styringsdokument i Bømlo kommune.

## 3. Status førre plan

### 3.1 Målsetjingar

- Vidareutvikling av område og anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.
- Iverksetjing av tiltak som fremjar fysisk aktivitet retta mot alle, men særleg inaktive, eldre menneske med funksjonshemminger.
- Kompetanseutvikling av leiarar og trenarar i lag og organisasjonar.
- Arbeide aktivt med nye tiltak retta mot ungdom.
- Prioritera anleggsutbygginga slik at det fremjar prosjekt som gjer fråfallsproblematikken i ungdomstida mindre.

Førre kommunedelplan på område viser til behovsundersøking som blei gjennomført som bakgrunn for mykje av opplysningsane om den dåverande situasjonen i planen. Det blei sendt ut spørjeskjema til alle lag- og organisasjonar, og analysen baserte seg på innkomne svar.

Det viste seg at det ofte var barn frå om lag 15- års alderen, kanskje noko tidlegare, som fall frå alle tilboda om organisert trening. Av dei som var mest fråverande som medlem av laga, var det gruppa mellom 15 og 30 år som var tydlegast. Dei uorganiserte blei ikkje registrert i undersøkinga.

Det er ikkje blitt gjort ei analyse av situasjonen slik den er no. Tendensar ein ser generelt frå heile landet kan likevel tyde på at det som kom fram i behovsundersøkinga den gongen, enda er relevant. Spesielt gjeld dette fråfall av barn frå den organiserte idretten.

Kommunedelplanen 2003 – 2006 viser til eit behov for nye anlegg som fremjar nye aktivitetar, både organiserte og uorganiserte. Det blir vist til at nye anlegg må rettast mot inaktive grupper og vere attraktive for i større grad stoppe fråfallet hjå ungdom. Kommunedelplanen antyder at det kan vera behov for å vurdera andre tilbod/aktivitetar for ungdom enn det som er mest aktuelt i ung alder. Dette hadde dei ikkje nok informasjon om på dette tidspunktet, men skriv «det må jobbast aktivt både med å få nok informasjon og setja i verk tiltak som kan visa til stor aktivitet hjå ungdom»

Store delar av tiltaksplanen i førre plan er gjennomført. Iverksetjing av tiltak som fremjar fysisk aktivitet retta mot alle, er heile tida i fokus, og blir utført av ulike lag og organisasjonar heile året, men er ikkje konkretisert i eigen plan. Kompetanseutvikling av leiarar og trenerar er ikkje formalisert, men blir gjennomført på ulike nivå i dei ulike laga.

I planarbeidet for førre periode blei det for første gang gjort ei behovsvurdering av kva anlegg det var grunnlag for å investere i i Bømlo kommune. Det var fokus på ei auka satsing på:

*«Nærmiljøanlegg, rehabilitering av eksisterande anlegg, tilrettelegging for uorganisert fysisk aktivitet, t.d. ved turvegar og liknande. Å skapa ei større breidde i anleggs- og aktivitetstilbodet. Fremja helseperspektivet som ei viktig drivkraft i arbeidet, og setja fokus på dei av innbyggjarane våre som i dag er inaktive og utan tilbod».*

**Handlingsprogram 2003 – 2006. Ordinære anlegg**

Anlegg:	Status:
Kaianlegg Finnås (Bømlo sportsdykkere)	Ferdig
Hestesportanlegg Moster	Ferdig
Kunstgrasbane Bremnes (Sentralidrettsanlegget)	Ferdig
Fleirbrukskall Langevåg	Ferdig
Fleirbrukskall Rubbestadneset	Ferdig
Fleirbrukskall Gilje	Ferdig
Fleirbrukskall Foldrøy	Ferdig
Klatrevegg Langevåg	Ikkje gjennomført
Aerobic/styrkerom Langevåg	Ferdig
Skytebane Langevåg	Ferdig
Sosialt rom Langevåg	Ferdig
Fleirbrukskall Moster	Ferdig

**Rehabiliteringsprosjekt:**

Anlegg:	Status:
Vika skytebane	Ferdig
Turnhall i Rubbestadneset	Ferdig
Friidrettsanlegg v/Sentralidrettsanlegget	Ferdig

**Handlingsprogram 2003 – 2006. Nærmiljøanlegg**

Anlegg:	Status:
Fleirbruksflate Svortland skule	Ferdig
Ballbinge Våge skule	Ferdig
Ballbinge Håvik skule	Ferdig
Ballbinge Svortland skule	Ferdig
Balløkke Foldrøy skule	Ferdig
2 byggjesteg Hillestveit skule	Ferdig

## 4. Hovudutfordringar


Folketalet i Bømlo kommune har hatt ein moderat, jamn vekst dei siste 20 åra. Vi har også ein relativt ung busetnad med fleire born og unge under 20 år enn snittet for kommunane i Hordaland. For aldersgruppa 20-50 år ligg Bømlo under snittet for Hordaland. Årsaka ligg først og fremst i at mange unge reiser vekk for å få utdanning. Vi ser ei utvikling der yngre folk søker mot delsentra - eller at dei flyttar ut av kommunen på grunn av utdanning og arbeid. Men vi ser også ein trend i at unge flyttar tilbake til Bømlo. Eit variert kultur og idrettsliv, med gode fasilitetar knytt til aktivitetane er viktige faktorar som er med å gjøre Bømlo til ein attraktiv kommune å busette seg i.

Vi får stadig fleire eldre i landet og mange lever lenger enn før. Frå 2015 vil tal av eldre frå 67-80 år auke markant. Talet av dei eldste vil halde seg relativt stabilt i nærmeste framtid men vil ha ein auke rundt 2020. Dette betyr at kommunen må tilpasse sin aktivitet mellom anna gjennom ei målretta satsing på helsefremjande og førebyggande arbeid.

Folkehelseprofilen for Bømlo kommune viser at Bømlo ligg høgt når det gjeld overvekt hos rekruttar, og har same tendens som landet når det gjeld generell vektauke og sjukmelding grunna muskel-skjelett-lidingar og psykiske plager.

Folkehelselova blei vedteken i Stortinget i 2011. Den gir både statlege, fylkeskommunale og kommunale mynde ei plikt til å ha oversikt over dei faktorar som kan påverke helsetilstanden i befolkninga, og til å arbeide målretta med førebyggjande tiltak. Innhaldet i kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeidet er delvis ei vidareføring av tilsvarande ansvar etter kommunehelsetenestelova, men etter folkehelselova ligg ansvaret på heile kommunen, og ikkje berre på kommunen si helseteneste. Målsetjinga med lova er å bidra til ein samfunnsutvikling som fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve for befolkninga, og som kan bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Ein skal også ha fokus på utjamning av sosiale skilnader.

Bømlo kommune har ein spreidd busetnad med 7 ulike område som er definerte som tettstader (Svartland, Mosterhamn, Rubbestadneset, Langevåg, Melandsvågen, Foldøy og Finnås). Likevel bur ca 40% av befolkninga utanfor tettstad (2013-tal). Finnås var tidlegare ikkje definert som tettstad, og statistikk som tyder ei markert auke av busette i tettstad i 2013 skuldast truleg at Finnås blei inkludert.



**Framskrive folkemengd, middels nasjonal vekst (kjelde: ssb.no)**

	2014	2020	2025	2030	2040	Forventa vekst i %
<b>0- 5 år</b>	942	977	1013	1032	1068	13,4
<b>6-12 år</b>	1209	1263	1258	1310	1344	11,2
<b>13-15 år</b>	537	537	585	564	592	10,2
<b>16-19 år</b>	709	724	725	725	777	9,6
<b>20-66 år</b>	6836	7201	7511	7847	8178	19,6
<b>67-79 år</b>	957	1341	1547	1566	1859	94,3
<b>80-89 år</b>	408	374	446	665	844	106,9
<b>90 år eller eldre</b>	151	127	114	113	233	54,3
<b>Sum befolkning</b>	<b>11749</b>	<b>12544</b>	<b>13199</b>	<b>13822</b>	<b>14895</b>	<b>26,8</b>

Folketalet pr 01.01.2016 var 11 778.

Bømlo har totalt fleire menn enn kvinner. Kvinnedelen har vore stabil på ca. 95-96 kvinner pr. 100 menn dei siste åra.

Aldersgruppe	Menn	Kvinner	Forholdstal menn/kvinner	Forholdstal kvinner/menn
0-5 år	471	470	1,00	1,00
6-15 år	898	828	1,08	0,92
16-19 år	375	327	1,15	0,87
20-29 år	742	683	1,09	0,92
30-66 år	2814	2592	1,09	0,92
67-79 år	536	485	1,11	0,90
80 - 89	136	257	0,53	1,89
90+	39	108	0,36	2,77
<b>SUM</b>	<b>6011</b>	<b>5750</b>	<b>1,05</b>	<b>0,96</b>

Tabellen syner at det er fleire menn fram til 80-årsalder, men at det er ei klar overvekt av kvinner i aldersgruppa 80+.

Kjelde: Hordaland fylkeskommune- AUD-rapport nr 4-2014.

## 4.1 Generelle utviklingstrekk


Utviklinga i samfunnet har ført til at den totale mengda dagleg fysisk aktivitet er redusert. Dette kan føre til auka fysisk passivitet.

Undersøkelsesar viser at det skjer store endringar i livsstil og mosjonsvanar i alderen mellom 15 og 25 år. Livsstilen ser deretter ut til å feste seg og variere litt fram til pensjonsalder. Den mest kritiske fasen er mellom 17 og 20 år, då andelen fysisk inaktive aukar med 24 % (Breivik & Vaagbø, 1999).

Samfunnsmessige og institusjonelle endringar har dei siste tiåra endra vilkåra for barn sin aktivitet utandørs. Barn sine kvardagsliv er i stor grad prega av utfolding andre stader enn i og rundt heimen. Stadig meir tid blir nyttta i offentlege institusjonar. Skulestart for 6-åringar og innføring av skulefritidsordning har forsterka denne utviklinga. Barnehage, skule og skulefritidsordning (SFO) utgjer difor i dag kanskje den viktigaste arenaen for barn sin leik og fysiske utfolding. Det er anbefalt at barn og ungdom er i aktivitet i minst 60 minutt kvar dag, og at aktiviteten har både moderat og høg intensitet (SHdir 2000b, Nordic Council of Ministers 2004).

Forsking synar ein klar samanheng mellom helse og fysisk aktivitet. Sjølv låg grad av fysisk aktivitet reduserer risiko for fysisk og psykisk sjukdom og gir auka livslengde. Tiltrådinga er minimum 30 minutt moderat aktivitet dagleg for vaksne, og 60 minutt for barn og unge. I dag er det berre 1 av 3 vaksne og eldre som oppfyller anbefalingane, og norske 15-årige gutter er blant dei minst fysisk aktive i Europa. I eit livsløp er det berekna at ein fysisk inaktiv person kan vinne 8 leveår ved å auke aktivitetsnivået frå inaktiv til aktiv, og ytterlegare 8 år til 16 år totalt ved å trene. Sjølv 70-åringar kan auke levealderen med gjennomsnittleg 3 år ved å gå frå inaktiv til aktiv.

**Figuren viser fysisk aktivitetsnivå hos vaksne 16-79 år, 2012.**



Det er samanheng mellom fysisk aktivitet og kognitiv funksjon hos barn og unge. Kroppsleg aktivitet gjennom skuledagen har synt seg å redusere konfliktnivået i skulen, og betre trivsel og psykososialt læringsmiljø (Trudvang skule, Sogndal). Regjeringa oppmodar i sin Folkehelsemelding skulane til å utnytte handlingsrommet innanfor fag- og timefordelinga til å nytte fleire timer til fysisk aktivitet.

## 4.2 Universell utforming og folkehelse

Folkehelsearbeid blir definert som «samfunnet sin totale innsats for å oppretthalda, betra og fremja folkehelsa. I dette ligg nødvendigheit av å styrkja verdiar som gjev det enkelte individ og grupper moglegheit for ansvar, deltaking, solidaritet, meistring og kontroll over eige liv og situasjon.» (NOU 1998:18). Folkehelsearbeidet skal fremja fysisk, psykisk og sosial helse og velvere, og er dermed eit tverrfagleg arbeidsområde som femnar om t.d. ernæring, fysisk aktivitet, tannhelse, psykisk helse osb. Folkehelsearbeidet har heile befolkninga som målgruppe, både barn og unge, vaksne og eldre. Hovudføremålet er å leggja til rette for at innbyggjarane får fleire år med god helse. Det er også sentralt å arbeida for at det blir færre helsekilnader mellom ulike samfunnslag, etniske grupper og kjønn.

I St.meld 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjamne helseforskjellar, blei det gjort greie for dei systematiske helseforskjellane ein finn knytt til materielle, psykososiale og adferdsrelaterte risikofaktorar. Ein finn m.a. ulikskap i helseadferd (t.d. kosthald og røyking) som heng saman med sosiale bakgrunnsvariablar som inntekt og utdanningsnivå, og som resulterer i ulikskap i helse. I ein rapport frå Nasjonaltråd for fysisk aktivitet, blir det peika på at folk med høg utdanning og høg inntekt er overrepresentert i gruppa som er fysisk aktive. Det er såleis viktig at samfunnet legg til rette for lågterskelaktivitetar som gjev fleire høve til å vera fysisk aktive, t.d. gjennom friluftsliv og eigenorganisert trening.

Fysisk aktivitet er ei kjelde til avkopling, sosialt samvær, kjensle av å meistra, og glede over å vera i god fysisk form. Fysisk aktivitet har innverknad på humøret, betrar søvnkvaliteten, gjev energi, reduserer stress, og betrar forholdet til eigen kropp. Samla gjer fysisk aktivitet oss meir rusta til å mestre kvardagens krav og utfordringar.

Tidlegare fekk me langt på veg dekka kroppen sitt behov for fysisk aktivitet gjennom dei daglege aktivitetane i heim, skule og arbeid. Nasjonaltråd for fysisk aktivitet slår fast at berre kvar fjerde av oss er aktiv nok. Mange mosjonerer meir enn før, men for befolkninga totalt sett har dette ikkje kompensert for bortfallet av fysisk aktivitet knyt til dei mange gjeremål i daglelivet. Difor trengs det meir effektive førebyggingsstiltak. Regelmessig moderat fysisk aktivitet kan gje ein betydeleg helsegevinst for dei aller fleste. Dei som i utgangspunktet har lågast aktivetsnivå og er i dårlegast fysisk form, har den største helsegevinsten av ein gitt auke i aktivetsnivået.

Dette tyder at den største helsegevinsten kjem ved å få dei inaktive til å vera litt aktive. For å få dette til må ein gjera det enkelt å vera fysisk aktiv. Det er viktig å leggja til rette for at barn og unge kan etablira gode aktivetsvanar, men det er også viktig å leggja til rette for at vaksne og eldre kan få høve til å oppretthalda eller auka sin fysiske aktivitet.

Nasjonaltråd konkluderer i ein rapport med at spelemidlar og andre statlege verkemidlar for å fremja fysisk aktivitet ikkje er effektive nok, og i liten grad bidrar til å redusera sosiale helseforskjellar. Tilrettelegging for friluftsliv kan bli sett på som eit av dei viktigaste lågterskeltilboda som fremjar fysisk aktivitet; det er ein aktivitet som er rimeleg å driva med, som kan gjennomførast aleine eller i lag med andre, som kan tilpassast fysisk form og alder. Folkehelsearbeidet er difor eit viktig satsingsområde for eit stort spekter av aktørar knytt til friluftsliv, t.d. Miljødirektoratet, Den norske turistforeining, dei regionale friluftsråda osb. På regionalt nivå har Hordaland fylkeskommune tilskotsordningar til lokalt folkehelsearbeid og friluftsliv, og set årleg av spelemidlar knytt til friluftsliv.

Universell utforming dreier seg om utforming og tilrettelegging av fysiske forhold for å fremja like høve til samfunnssdeltaking. Universell utforming føreset at hovudløysinga skal stetta flest mogleg brukarbehov. Dette er med å skapa eit samfunn som er inkluderande på ein likestilt og verdig måte, og som tek i vare eit mangfold av menneske med ulike ferdigheter og føresetnader.

Funksjonsevne er relatert til syn, hørsel, rørsleevne, evna til å forstå, og nedsett toleranse for forureining og allergifremkallande stoffer. Funksjonshemmning er ikkje ein eigenskap hos individet, men noko som oppstår når det blir eit gap mellom individet sine føresetnader og omgjevnaden sine krav til funksjon.

Prinsippet om universell utforming tek utgangspunkt i å prøva å finna ein hovudløysing som flest mogleg kan nytta. Det er mange omsyn å ta, og det vil alltid vera nokon som likevel vil ha trøng for spesielle løysingar.

Universell utforming er eit nasjonalt satsingsområde, og er forankra både i Diskriminerings- og tilgjengelighetslova og Plan- og bygningslova. I høve søknad om spelemidlar til idretts- og nærmiljøanlegg blir det lagt sterke føringar for universell utforming knytt til idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. For å sikra omsynet til universell utforming, har Kulturdepartementet laga ein rettleiar for universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg. Vidare arbeidar Standard Norge med å laga standardar for universell utforming av uteområde (turvegar, nærmiljøanlegg og liknande.)

Universell utforming er eit sektorovergripande tema, og må difor leggja føringar for ulike planområde, deriblant idrett og fysisk aktivitet. Prinsippet om universell utforming er sentralt i arbeidet med å sikra omgjevnader som er med på å fremja fysisk aktivitet i befolkninga. Alle skal ha høve til å vera fysisk aktive, uavhengig av alder og funksjonsevne, sosi-økonomisk status, etnisk bakgrunn eller kulturelle forhold. Naturområde må kunna bli nådd på ein enkel måte, utan å måtta forsera fysiske hindringar.

Miljødirektoratet arbeider for å realisera det nasjonale målet om at alle skal ha høve til å driva friluftsliv som helsefremjande, triveskapande og miljøvennlege aktivitet i nærmiljøet og i naturen. Her er kartlegging, tilrettelegging og informasjon sentralt for å leggja grunnlaget for aktivitet og deltaking for alle.

I samband med Samhandlingsreforma er det stort fokus på å studera og knytte gode tiltak for å betra helsetilstanden til befolkninga. Me hører om uttrykket folkehelsearbeid ved ulike høve. Tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet er viktig for den generelle folkehelsa. Dette sett ut frå både trives og livskvalitet for kvar enkelt, til konsekvensar i eit større samfunnsøkonomisk perspektiv.

Bømlo kommune underteikna i 2011 avtale om partnarskap med Hordaland fylke. Der har kommunen forplikta seg til å fremje folkehelse i kommunen, både politisk og i leiinga.

## 4.3 *Satsing på folkehelsearbeid og universell utforming i Bømlo*

### 4.3.1 Folkehelse

I 2011 vart Folkehelselova, med verknad frå 01.01.12, vedteken i Stortinget. Den legg grunnlaget for ei større satsing på førebyggjande og helsefremjande arbeid i kommunane.

Bømlo kommune inngjekk i september 2011 partnarskap for folkehelse med Hordaland Fylkeskommune. I dette partnarskapet er det krav til eit systematisk folkehelsearbeid med særskild fokus på utfordringar som kommunen sjølv har valt som satsingsområder.

Partnarskap for folkehelse har og lista opp satsingsområder som sosial ulikskap, levekår (faktorar som har innverknad på folk si helse) og levevanar (t.d. fysisk aktivitet, kosthald og rusmiddel).

Bømlo kommune har tilsett folkehelsekoordinator som har ansvar for å koordinere folkehelsearbeidet i kommunen. Eit av satsingsområda er samarbeid med lag og organisasjonar. Det arbeidet utført av lag- og organisasjonar er eit av dei viktigaste bidraga til folkehelsearbeidet i kommunen. Den frivillige ressursen er i følgje nasjonale tal og undersøkingar langt frå nytta optimalt. Dialogmøter som er gjennomført med lag- og organisasjonar syner behov for eit samarbeid opp mot kommunen.

Tiltak som årlege dialogmøte, med samarbeid mellom lag- og organisasjonar og kommunen har synt seg å vere nyttige. Då vert det høve til å komme i god dialog med desse.

### 4.3.2 Universell utforming

Etter diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og forskrifter skal alle nye bygg universelt utformast. I lovens § 1 står det at lova sitt formål er å fremme likestilling uavhengig av funksjonsevne. Likestilling innebærer:

- a) Likeverd
- b) Like muligheter og rettigheter
- c) Tilgjengelighet og
- d) Tilrettelegging

Lova skal bidra til nedbygging av samfunnsskapte funksjonshemma barrierar og hindre at nye blir skapt.

Kommunen legg sjølv sagt dette til grunn når nye anlegg skal planleggast og byggast. Både i nasjonale og regionale føringer er det målsetnad om å ha minst ei universelt utforma turløype i ein kommune. Bømlo kommune har turløypa inn til Fet. Det bør likevel vere ambisjonar om fleire slike løyper rundt om i kommunen. Erfaringa med løypa til Fet er særskilt positive. Det er låg terskel for turgåing og den er mykje nytta av både skular og barnehagar på dagtid.

## 4.4 Natur, miljø og estetikk

Det er ein nær samanheng mellom natur, miljø, estetikk og fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Natur, luftkvalitet og støyreduksjon er viktige trivselsfaktorar. Tilrettelegging av gode ferdsselsårer for myke trafikantar har positiv effekt både på folkehelsa og miljø dersom desse blir lagt i t.d. grøntstrukturar. Estetikken og opplevinga av idrettsanlegga og friluftsområda i kommunen er også avhengige av vedlikehald og skjøtsel. Dette er avgjerande for bruken, og dermed for folk sitt aktivitetsnivå og helse. Det visuelle og det miljømessige må vektleggast, mellom anna ved å leggja til grunn rettleiarar for miljø og estetikk utgjeve av kulturdepartementet.

## 4.5 Bygging av anlegg

Målet med bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, er å gje flest mogleg høve til å driva idrett og fysisk aktivitet. Rehabilitering er ein føresetnad for fortsatt drift. Både i eit samfunnsøkonomisk og miljømessig perspektiv, vil det ofte vera meir lønsamt å rehabilitera framfor å byggja nye anlegg. Bømlo kommune har i samarbeid med fleire idrettslag og organisasjonar etablert tre hovudanlegg dei siste åra. Det finst i dag tre større hallar: Bømlohallen, Langevåg bygdatun og Rubbhallen.

I dag er fotballbanar og andre anlegg opne nesten heile året. Lyssetting av alle typar uteanlegg gjev og auka brukstid.

Tilrettelegging av gang og sykkelvegar medverkar til at barn og vaksne oftare går eller sykler til skulen, jobben og fritidsaktivitetar. Kommunen sin trafikksikringsplan legg opp til å leggja til rette trafikksikre tilkomstar til skulane.

Bevaring av det biologiske mangfald er ei overordna målsetjing i den nasjonale miljøpolitikken. I arbeidet med tilrettelegging av område og anlegg for friluftsliv skal det biologiske mangfald takast omsyn til. I konfliktsaker mellom naturvern og biologisk mangfald på den eine sida, og idrett- og fritidsaktivitetar på den andre kan fylkesmannen si miljøvernnavdeling vera vegleiar.

Bømlo kommune har konkrete planar for utbygging av eit 25 m symjebasseng på Leite, som skal stå ferdig i 2017. Det er i tillegg kome inn fleire innspel på nye prosjekt som klubbhus med garderober og lagerhus

på Moster, lagshus, garderober og garasjeanlegg på Våge (motorsportklubben), ny Rubbhall som er dimensjonert for ny BVGS og flytting av elevar, oppgradering av Furuneset friluftsområdet, rehabilitering av Stangervågen rundt, rehabilitering av kunstgrasbanen på Rubbestadneset, aktivitetspark og 7'er bane ved Rubbestadneset skule, ny kunstgrasbane ved Sentralidrettsanlegget, basket/turnhall ved Sentralidrettsanlegget og ny fleirbrukshall i tilknyting til Svortland skule er nokre av innspela som er komne inn. Samlokalisering eller tilknyting til skular må vurderast i kvart einskild tilfelle, mellom anna med tanke på arealeffektivisering og driftskostnader.

Det er mange anlegg i Bømlo, og me har god anleggsdekning over heile kommunen. Fokuset dei neste åra må kanskje difor vera på rehabilitering, betre drift og vedlikehald av eksisterande anlegg, heller enn å byggja mange nye. Ny aktivitet i eksisterande anlegg kan og vera ei aktuell løysing.

## 4.6 Rolle og ansvarsdeling

Det må gjerast ei utgreiing knytt til framlegging av modellar for rollar og ansvarslinjer mellom Bømlo kommune og dei frivillige organisasjonane i høve eigarskap, utvikling, drift og vedlikehald av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. I utgreiinga bør ein ta omsyn til sentrale føringar, t.d. for spelemidlar, MVA-reglar, sjå til praksis i andre kommunar og drøfte kva som er føremålstenleg i Bømlo kommune og dei lokale frivillige organisasjonane. Utgreiinga må også sjå på utfordringane dei frivillige organisasjonane møter t.d. knytt til endring i dugnadsånd.

Bømlo kommune inngjekk i 2014 ein samarbeidsavtale med Bømlo idrettsråd, som skal sikra samordning og god dialog mellom kommunen og idrettsrådet.

Idrettsråda si primær oppgåve er å vera bindeledd mellom idretten og kommunen. I Norges idrettsforbund (NIF), har idrettsråda sin plass mellom idrettskrinsane (fylkesnivå) og idrettslaga (kommunenivå). Mandatet og oppgåvene er forankra i NIF sine lover og basis-lovnorm for idrettsråd. Denne slår fast at idrettsråda skal arbeida for best mogleg forhold for idretten i kommunane. Idrettsråda skal vera ein arena for samarbeid mellom idrettslaga, mellom idrettslaga og kommunen og mellom idrettslaga og idrettskrinsen. Arbeidet skal vera prega av frivillighet, demokrati, lojalitet og likeverd, medan idrettsaktiviteten skal byggja på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom. Medan det er idretten si rolle å skapa aktivitet, er det kommunen si rolle og leggja til rette for aktivitet. Dette kan gjerast gjennom t.d. utvikling av aktivitetسانlegg, økonomiske rammer eller tilrettelegging for dugnad og anna frivillig innsats.

Frivillig arbeid og dugnadsånd i norsk organisasjonsliv er i endring og tilbakegang. Mange gjer ein stor innsats for idretts- og lagslivet i kommunen, men ein ser at det er utfordringar med å få folk til å stilla til dugnad og til verv i organisasjonane. Dette gjer igjen utfordringar med å få verdibearende drift og vedlikehald.

Sjølv om det kan vera føremålstenleg for Bømlo kommune å sjå relasjonane til heile spekteret av frivillige lag og organisasjonar i kommunen, vil denne utgreiinga avgrensast til lag og organisasjonar knytt til idrett og idrettsanlegg. Det skal skaffast fram ei oversikt over alle idrettsanlegga og eigarskap knytt til desse, kva idrettslag som er involvert og kommunen si rolle.

I Bømlo kommune er det 18 lag som ligg under idrettsrådet. Medlemsmassen er på 3777 medlemmer, der 3266 av desse er aktive. I tillegg kjem nokre mindre idrettslag, Bømlo turlag, skyttarlaga og Bømlo jakt og fiskelag. Vidare er det fleire ulike grupper som arrangerer turar.

## 4.7 Forvaltning, drift og vedlikehald

### 4.7.1 Generelt

Forvaltning, drift og vedlikehald av anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skjer i eit samspel mellom det offentlege, private, lag og organisasjonar. Spelemiddelfinansieringa medfører plikter for bruk, drift og vedlikehald. Lag- og organisasjonar legg årleg ned vesentlege ressursar i og yter stor frivillig innsats som kommunen vanskeleg kan erstatte.

Bømlo kommune betaler for at barn og unge under 12 år skal få kunne trena gratis i hallane, og yter tilskot til idrettslag i form av idrettsmidlar. Det er ikkje lagt opp til større endringar i summane her, men ein bør vurdera å heva aldersgrensa for gratis bruk.

Det er bygd ballbinger ved dei fleste skulane i kommunen, og det er utarbeidd eigne avtalar for desse, der det er andre enn skulen/kommunen som er byggherre. Kommunen har likevel ansvar for anlegga. Det skal lagast ein rehabiliteringsplan for nærmiljøanlegga i kommunen.

Det har gjennom mange år vore fokus på planlegging/bygging av nye anlegg. Dette er inspirerande og spennande, og er eit uttrykk for behov og ynskje innanfor idretten. Samstundes ser ein at det ei utfordring å ivareta eksisterande anlegg, noko som medfører tiltakande utfordringar. Det er viktig å ha fokus på drifts-, vedlikehalds og investeringskostnader.

### 4.7.2 Idrett

Det lokale idrettslaget og turlaget er fundamentet for all idrettsaktivitet og fellesskap. Målet om ein open og inkluderande idrett må utførast i idrettslaga i kommunen.

I Bømlo kommune er det om lag 170 eksisterande idrettsanlegg. Mange av desse er eigd og blir drifta av lag- og organisasjonar. Bømlo kommune eig anlegga knytt til skulane (gymssalar, symjebasseng, fleirbruks-hallar osb). Kunstgrasbanen på Våge er kommunal og i tillegg eig Bømlo kommune 51 % av Sentralidrettsanlegget.

Det kommunale føretaket sine utgifter til drift og vedlikehald av fotballbanar, turstiar og andre frilufts- og idrettsanlegg m.m. ut over direkte tilskot er ikkje spesifisert i rekneskapen.

For 2016 har kommunestyret løyvd kr 400 000 til Sentralidrettsanlegget AS.

### 4.7.3 Friluftsliv

Tilrettelegging for friluftsliv blir sett på som eit av dei viktigast «lågterskeltilboda» for å fremja fysisk aktivitet. Folk kan vera fysisk aktive i naturen når dei vil, heilt gratis. Noko tilrettelegging kan vera naudsynt. Det skal ofte enkle, og lite kostnadskrevjande tiltak til, for å gjera det litt enklare for store delar av befolkninga å nytta naturen til rekreasjon og fysisk aktivitet. Det er altså svært mykje folkehelse å henta på å leggja til rette for fysisk aktivitet i både strandsona og utmark i kommunen.

Friluftsliv er basert på allemannsretten, vanleg folkeskikk og naturvett. I ei tid der mange opplever tidsklemma, blir turgåing og friluftsaktivitet i nærmiljøet, den enklaste og mest tilgjengelege av alle friluftsaktivitetane.

I Bømlo ligg det godt til rette for turgåing og friluftsliv både i nærmiljøet og på sjøen. Viktigast i framtida er å sikra tilkomst og heva kvaliteten på områda, slik at endå fleire kan vera med. Lysetjing av områda-/turvegane gjer at brukartida aukar. Målsetjinga om at folk skal kunna nå eit friområde 500 meter frå der dei bur er sentralt når nye felt blir planlagt/realisert. Stader der det manglar slike turvegar/stiar lyt prioriterast. Det er viktig i høve folkehelsa og miljøet blir spart då ein ikkje treng å bruka bil for å koma seg ut på tur. Oppsetting av bord/benker slik at det er høve til å kvila er og viktig.

Anlegg for friluftsliv blir drifta av Friluftsrådet Vest og kommunen. Friluftsrådet Vest er eit interkommunalt organ for kommunane Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Sauda, Stord, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Kvinnherad. Dei arbeidar med sikring, tilrettelegging og drift av regionale friluftsområde, informasjon og aktivitetsprosjekt. Kommunen yter eit årleg tilskot til Friluftsrådet Vest.

OK Bømlo/Bømlo turlag har laga turkart i målestokk 1: 40 000, elles har ulike lag og organisasjonar i heile kommunen både digitalisert og produsert trykte kart over aktuelle turområde i krinsane. Å følgja kommunedelplanen/samfunnsdelen for å knyta saman ulike friområde og heve standarden på dei bør prioriterast. Å ha eit universelt friområde i kvar krins bør vera eit mål. Kajakk og kanopadling er ein aukande aktivitet i kommunen, og det er laga ei flott padlebok (Bømlo rundt i kajakk) med gode kart over elvar og vatn tilrettelagt for padling.

## 5. Anleggsstatus og aktuelle prosjekt

### 5.1 Generelt

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015 – 2022 omhandler tre tema, kvart med eigen tiltaksdel:

- Idrett og idrettsanlegg
- Natur og friluftsanlegg
- Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

Ved fleire høve vil tema i planen ligga nært opp til andre planar og fagområde, t.d. kultur, helse, trafikktryggleik og fysisk aktivitet i skulen. Det er i slike høve viktig å gjøre avgrensingar, særleg med omsyn til tiltaksdelen i planen, samstundes som ein viser korleis ulike temaplanar og fagområde er knytt saman. Korleis ein kan auka den fysiske aktiviteten, kjem som tema under kvart av temaområda.

Staten ynskjer gjennom sin bruk av verkemiddel å legge til rette for at alle som ynskjer det skal ha høve til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

### 5.2 Idrett og idrettsanlegg

Anleggsstrukturen og aktivitetsprofilen innan idrett og fysisk aktivitet er relativ tradisjonell i Bømlo kommune. I eit folkehelseperspektiv er og dei offentlege idrettsanlegga sett på som eit helsetilbod. Barn og unge er ei prioritert gruppe.

#### 5.2.1 Fotball

I Bømlo er det 11 godkjende fotballbanar av ulik kvalitet og storleik.

Namn	Type
Sentralidrettsanlegget	Gras
Sentralidrettsanlegget	Kunstgras
Sentralidrettsanlegget	Treningsfelt gras
Bremnes ungdomsskule	Grus
Meling skule	Gras
Rubbestadneset skule	Grus
Våge	Kunstgras
Langevåg idrettspark	Kunstgras
Rubbhallen	Kunstgras
Moster idrettsplass	Kunstgras

I tillegg er det mindre speleflater ved nokre av skulane og i byggjefelta rundt om i kommunen.

**Aktuelle prosjekt:**

Sentralidrettsanlegget har ikke meldt inn behov for nye spelemedialar som gjeld rehabilitering av toppdekke til kunstgrasbanen, og kjem i 2016 inn med tre nye søknader: 2 stk 5'er banar + 1 stk 7'er bane. Det vil vera trong for ny kunstgrasbane ved Sentralidrettsanlegget i tida som kjem, og ein fotballhall presser seg også fram. Kunstgrasbanen på Rubbestadneset treng rehabilitering i perioden.

### 5.2.2 Friidrett

I Bømlo kommune er det eit fullverdig friidrettsanlegg ved Sentralidrettsanlegget med kunststoffdekke på løpebanane. Her er det også lengdegrøp. Dekket har nylig blitt spylt og rehabilert. Banen treng toppsprøyting så snart råd er, estimert kostnad er 1 000 000.

Det er i tillegg ein gruslagt bane i Langevåg.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt om planar for nye anlegg for friidrett. I løpet av planperioden vil det truleg vera naudsynt med rehabilitering av anlegget ved Sentralidrettsanlegget. Behovet for friidrettsanlegg i Bømlo kommune synest stetta med det anlegga ein har per dato.

### 5.2.3 Handball

Handball miljøet i Bømlo er lite. Sentralidrettsanlegget har starta opp tilbod for barn hausten 2015, mens dei på Langevåg har 3 handballag, alle for jenter.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn behov her.

### 5.2.4 Sandvolleyball

Det er sandvolleyballbaner i Mosterhamn, ved Svortland skule, ved Meling skule, i Furuneset og i Langevåg.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn behov for fleire sandvolleyballbaner, og kommunen er godt dekka med dei som eksisterer i dag.

### 5.2.5 Kampsportidrettar

Som kampsportidrettar blir rekna karate, taekwondo, judo, boksing og fekting. Desse idrettane har ikkje eigne hallar for sine idrettar. Karateklubben trenar i gymsalen på Rubbestadneset og på Moster.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn trøng for større areal frå karateklubben.

### 5.2.6 Racketidrettar

Racketidrettane omfattar tennis, badminton og bordtennis. Det er ingen utandørs tennisbanar i Bømlo.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt om inn trøng for større eller meir lokal.

### 5.2.7 Turn

I Sentralidrettsanlegget er det turn for barn og vaksne frå 3 år og oppover. Anlegget er godt eigna for aktiviteten, men det er stort press på hallen.

**Aktuelle prosjekt:**

Det vil vera trong for ein ny basket/turnhall i perioden. Turnelement/apparatur bør vera implementert dersom ein byggjer nye gymsalar/fleirbrukskallar.

### 5.2.8 Andre innandørsaktivitetar

Andre innandørsaktivitetar er mellom anna: vektløfting, basket, volleyball og sjakk. Fleirbrukskallane på Gilje, Moster og Foldrøy blir også nytta til volleyball og basketball. Elles er det gymsalar ved følgjande skular: Meling, Rubbestadneset, Espevær, Våge, Bremnes ungdomsskule og Hillestveit. Desse blir mykje nytta på kveldstid til ulike trimaktivitetar. Dei fleste gymsalane har eit areal på 200 m<sup>2</sup>. Det er ingen planar om nye mindre hallar eller utviding av gymsalar ved skulane for andre innandørsaktivitetar. Bømlo kommune har eit mangfaldig idrettsliv, men innandørsaktivitetane er dominert av fotball. Ev. nye hallar bør byggjast som fleirbruks/sambrukskallar for å gje plass til andre innandørsaktivitetar.

### 5.2.9 Skyting

I Bømlo kommune er det to utandørs skytebanar: ein på Vika og ein på Gilje der leirdueskyting er inkludert. Bømlo skyttarlag har banen på Vika i tillegg har dei også innandørs skyting i bygdatunet. Bremnes har eit nytt og flott anlegg på Gilje, og har i tillegg inndørsskyting i Bømlohallen. I tillegg til dette er det ein utandørs pistolbane på Rolfsnes.

**Aktuelle prosjekt:**

Bømlo skyttarlag har meldt inn ynskje om å byggja eit meir føremålstenleg skyttarhus istadenfor brakkene, som har vore brukt til no ved den utandørs skytebanen på Vika. I samband med ei slik utbygging vil det vera trong for å utvida parkeringsplassen.

### 5.2.10 Symjing

I Bømlo kommune er det fire symjeanlegg – Bremnes ungdomsskule, gamle Moster skule, Hillestveit skule og Rubbestadneset skule. Bassenget på Rubbestadneset skule er eit varmt basseng.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er på trappene eit nytt 25 m basseng på Leite, som skal stå ferdig i 2017. Norges svømmeforbund (NSF) si behovsvurdering tilseier at det bør vera eit 25-meters basseng per 10 000 innbyggjarar for å dekka opplæring i skule idrett, funksjonshemma og eigenorganisert fysisk aktivitet. Drift og vedlikehald blir utfordringane knytt til bassenget i perioden.

### 5.2.11 Hestesport

Det er bygd eit hestesportanlegg på Moster. Anlegget blir eigd og drive at Bømlo hestesportklubb.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ingen planar om andre slike anlegg i Bømlo i planperioden.

### 5.2.12 Motorsport

Bømlo motorsportklubb er etablert med sitt anlegg på Våge. Det er her bygd opp to banar for motorcross. Banane ligg på sida av kvarandre, slik at både på trening og i konkurransar er det samankopla. Banen har nasjonal godkjenning i Norges Motorsportforbund (NMF). Anlegget har også regional status.

**Aktuelle prosjekt:**

Motorsporten signaliserer ynske om å få plass eit klubbhus med fasilitetar, garasjeanlegg og garderobeanlegg med legekontor. Dei ynskjer også meir og betre skilting og landingsplass for helikopter.

### 5.2.13 Andre idrettar

Andre idrettar omfattar mellom anna segling, padling, windsurfing, squash, bowling, innebandy, skeising, sykling, golf, bogeskyting, fekting og boccia.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje noko seglmiljø i Bømlo. Padleklubben held til på Søre Bømlo, og interessa for padling har vore aukande dei siste åra. Windsurfing kan utøvast der det er høve til det. Det er ikkje eigen squash hall i kommunen. Det er ein liten privat bowling bane på Svortland. Det er ikkje bygd utandørs skeiseanlegg i Bømlo, skeising blir utført rundt om på små og store vatn når forholda ligg til rette for det. Bømlo sykkelklubb driv godt og aktivt. Det er ingen banar lagt til rette for sykling. Det er ikkje etablert golf banar i Bømlo. Det er ingen eigne anlegg for bogeskyting, fekting og innebandy. Desse aktivitetane kan utøvast i eksisterande hallar og gymsalar.

### 5.2.14 Idrettsbygg

Idrettsbygga har fellesfunksjonar for fleire anlegg/idrettar:

- Garderobeanlegg ved Sentralidrettsanlegget
- Garderobeanlegg ved Rubbhallen
- Klubbhus på Våge
- Bømlo dykkarklubb – klubbhus
- Sentralidrettsanlegget – klubbhus
- Moster idrettsplass – klubbhus
- Langevåg idrettsplass – klubbhus
- Klubbhus ved Gilje skytebane

**Aktuelle prosjekt:**

Det er planar om garderobeanlegg og nytt klubbhus på Moster. Bømlo motorsportklubb jobbar med å få på plass nytt lagshus med fellesareal/kurs lokale og kiosk. Dei har også ynske om å få garderobar med dusj og toalett samt garasjeanlegg på anlegget. Utover dette er det ikkje meldt inn behov for andre nye idrettsbygg.

### 5.2.15 Helsesport og trim/treningssenter

Fet løypa er ei etablert helsesportløype. Løypa er mykje brukt til turgåing og trim. Bømlo turlag driv aktivt med organiserte turar i nærområde og til andre stader i Norge og utlandet. Turlaget er med på å leggja til rette for fysisk aktivitet i lag med andre frivillige organisasjonar ved å merka løyper, fiksa turstiar og byggja gapahaukar m.m. På Bømlo er det i dag 2 aktive treningssentet/tilbod – eit i Bømlohallen og eit på Kuben. Treningssentra er eigmaktige og blir drifta av private.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt om aktuelle planar for helsesport/trim og nye treningscenter. Det er spelt inn ynskje om ny universelt utforma tursti på Våge/kanalen og også på Langevåg. Det er avgjerande at lag og organisasjoner føl opp med vidare rydding og merking av turløyper i heile kommunen.

## 5.3 Natur- og friluftsanlegg

Friluftsliv og naturbaserte fritidsaktivitetar har ein godt dokumentert effekt på fysisk og psykisk helse, og har innverknad på stressreduksjon, livslengde og livskvalitet. I eit folkehelseperspektiv bør det derfor bli oppmuntra til å få fleire ut i naturen. Auka aktivitet blant dei som allereie deltar vil ha gunstig effekt, men den største samfunnsmessige helsegevinsten ligg i å få fleire ut i naturen. God tilrettelegging for fotturar og sykkelturar kan vera spesielt gunstig, fordi dette er lågterskel aktivitetar som nærmast alle, uavhengig av økonomi, alder og fysisk form, kan gjennomføra.

Bømlo kommune har flotte naturområde som gir høve til eit mangfold av aktivitetar, men ikkje alle områda er like lett tilgjengelege. Ulike tilretteleggingstiltak kan auke tilgjengeligheten for fleire. Å etablera parkeringsplassar nær friluftsområde vil gjera det enklare å nytta seg av tilboda og unngå parkering på privat grunn i nærområde. Det vil såleis vera eit gode for alle partar, og gjere Bømlo kommune meir attraktiv for innbyggjarane og turistar.

Vidare vil utbetring av sanitærforhold og rullestolrampar, t.d. ved badeplassar, auka tilgjengeligheten for mange. Tilrettelegging vil også dreie seg om å utvide turnettet i kommunen, rydding og merking av turstiar, informera og marknadsføre breidda i aktivitetstilbod, som t.d. turstiar med kulturelle innslag.

Bømlo kommune har stort potensiale i tilrettelegging for naturbaserte aktivitetar og opplevelingar.

### 5.3.1 Turvegar/turstiar

I Bømlo kommune er det mange og gode turstiar/turvegar. Dei mest sentrale er:

- Turløype Fet
- Stangarvågen rundt
- Grimsfjellet tursti
- Barmane friområde
- Turstiar på Goddo
- Storavatnet rundt
- Halleråker løypa
- Siggjo
- Tursti til Ådno
- UFO- ringen i Espevær
- Gullgruveområde på Lykling
- Kulturløype Moster
- Mørkedalsfjellet (Ådno)
- Våge – Bjørnevik
- Våge – Hovda
- Sølvrusta
- Johns Track
- Stongervågen

- Rolfsnes – Bjørndalsfjellet
- Svortlandsmarka
- Brømsund
- Urangsvåg – Sandviksvatnet
- Turstiar på Goddo

**Aktuelle prosjekt:**

Det er planar om tursti på Finnås (kanalen) og å få på plass gatelys langs Storavatnet. Det vil vera trong for nye turstiar/turvegar i kommunen, og eventuelle nye forslag blir vurdert fortløpande.

### 5.3.2 Toalettanlegg

Det er etablert toalettanlegg ved Gullgruvene og Djupadalen.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn noko vedr bygging av nye toalett.

### 5.3.3 Badeplassar

Dei mest kjente badeplassane i kommunen er: Vevika, Breivik, Hetlevik, Barmane, Furuneset, Åreiddalen og Hiskjo friluftsområde.

**Aktuelle prosjekt:**

Det ligg ikkje føre aktuelle planar for etablering av nye badeplassar i kommunen. Det er likevel kome eit innspeil om å etablera ein badeplass på Lykling. Trongen for badeplassar i Bømlo kommune er godt dekka med dei plassane ein har i dag, men fasilitetar som badeflåtar, bryggje, utlegging av sand, stupetårn, rampar, bord og benker m.m. må vurderast.

## 5.4 Nærmiljøanlegg og aktivitetsområde

Det er etablert nærmiljøanlegg i nokre buområde i Bømlo, i hovudsak ballbingar/ball løkker. Det er likevel knytt utfordringar i høve støy mot nabolaget for slike anlegg, noko som må takast hensyn til. Vidare er det etablert nærmiljøanlegg i barnehage- og skuleområde, både ballbingar og andre aktivitetsanlegg. Det er naturleg å halda fram med utbygging av slike aktivitetsanlegg. Det er også viktig å etablera aktivitetsanlegg som mellom anna den uorganiserte delen av befolkninga vil ha nytte av.

### 5.4.1 Ballbinger

Det er etablert følgjande ballbingar:

- Innvær (Innvær gardslag)
- Rolfsnes gjendahus (Rolfsnes gjendautval)
- Gilje skule
- Moster skule
- Foldrøy skule
- Svortland skule
- Gamle Håvik skule
- Halleråker (Hallerårker gardslag)

- Erevik gren datun (Goddo gren autval)
- Austre Mosterhamn (Moster gren autval)
- Rubbestadneset skule
- Espevær skule
- Meling skule
- Våge skule
- Hillestveit skule

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn nye søknader om ballbinger.

Med 15 ballbingar rundt i kommunen, er trøgen hovudsakleg stetta i planperioden. Dersom det kjem nye søknader blir desse vurdert fortløpende. Rehabilitering av eksisterande bingar blir sentralt i perioden.

#### 5.4.2 Aktivitetsløyper/anlegg

Det er etablert aktivitetsløyper/anlegg følgjande stader:

- Bmx løype på Meling
- Svortland skule – fleirbruksflate
- Hillestveit skule – aktivitetsanlegg
- Espevær skule – nærmiljø/uteanlegg
- Foldrøy skule – nærmiljøanlegg
- Erevik gren datun – klatresentral

**Aktuelle prosjekt:**

Det er kome inn ein søknad om aktivitetspark ved starten av Fet løypa, og det blir jobba med ein tilsvarende park på Rubbestadneset. Det er ikkje meldt inn andre anlegg. Det vil vera trøng for nye eller rehabilitering av eksisterande aktivitetsanlegg, og eventuelle søknader blir vurdert fortløpende.

#### 5.4.3 Klatreveggar

Det er etablert ein klatrevegg på Bømlo folkehøgskule.

**Aktuelle prosjekt:**

Det ligg inn søknad frå Sentralidrettsanlegget på ein innandørs klatrevegg i perioden. Det er ikkje meldt inn ynskjer ut over dette.

#### 5.4.4 Skateboard

Bømlo kommune fekk innvilga spelemidlar til eit skateboardanlegg i 1999, som blei etablert i utkant av fotballbanane ved Sentralidrettsanlegget. Dette anlegget blei fjerna for ei tid tilbake, då det var til fare for både brukarar og andre. Det må etablerast nytt tilbod her eller i nærleiken. Det er i tillegg eit etablert anlegg i Mosterhamn.

**Aktuelle prosjekt:**

Det er ikkje meldt inn konkrete planer for nye skateboardanlegg, men skatarane sjølv ynskjer seg nye anlegg, og det har vore etterspurt på Bremnes og i Rubbestadneset.

### 5.4.5 Andre nærmiljøanlegg

Andre nærmiljøanlegg som er bygd:

- Meling skule – sandvolleyballbane
- Furuneset – sandvolleyballbane
- Austre Mosterhamn – sandvolleyballbane
- Bømlo folkehøgskule – sandvolleyballbane
- Langevåg idrettsplass – sandvolleyballbane

**Aktuelle prosjekt:**

Trong for andre aktivitetsanlegg må vurderast i planperioden.

## 5.5 Godkjenning og finansiering av bygg og anleggstiltak

### 5.5.1 Statlege tilskot

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i Lov om pengespill mv (Pengespillova) av 28. august 1992.

Det blir gitt spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og friluftsliv, samt nærmiljøanlegg etter gjevne kriterier. Tilskotssummen kan bli endra frå år til år.

Kulturdepartementet gir kvart år ut eit hefte med føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (V- 0732 N for 2014). I nemte føresegner er statleg anleggspolitikk skildra slik:

*«Staten sitt overordna mål med idrettspolitikken kan samanfattast i visjonen idrett og fysisk aktivitet for alle, jf St. meld 26 (2001-2012) Den norske idrettsmodellen. Konsekvensen av idrett og fysisk aktivitet for alle er at staten gjennom sin bruk av verkemiddel skal leggja til rette for at alle som ønsker det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet. Den viktigaste føresetnaden for dette er satsing på anlegg for idrett og fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv. Staten har som mål å medverke til bygging og rehabilitering av infrastruktur slik at så mange som råd kan driva idrett og fysisk aktivitet. Det offentlege har likevel ikkje ansvar for å etablera anlegg for alle typar særidrettar og dugleiksnivå i alle lokale samanhengar. Det er viktig og naudsynt at det vert gjort behovsvurderinger på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. I den samanhengen er det viktig for staten å framheve at dei viktigaste målgruppene for bruk av spelemidlar til idrettsføremål er born (6-12 år) og ungdom (13-19 år). I tillegg vil staten leggja til rette for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ønske og føresetnader. Det er og eit mål for den statlige idrettspolitikken å leggje til rette for at personar som i dag er fysisk inaktive, kjem i gang med aktivitet. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal medverke til ein infrastruktur som gir folk høve til å drive både eigenorganisert aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller born sitt behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former vert særskilt prioriterte. Når det gjeld ungdom er det eit mål å utvikle anlegg som tilfredsstiller ungdom sin trøng for utfordringar og variasjon. Ungdom må få høve til å medverka i utforminga av anlegg. Anlegga bør fungera som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg og anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggsfeltet».*

Heftet inneholder føresegner for ordinære anlegg, føresegner for nærmiljøanlegg, føresegner for anlegg og friluftsliv i fjellet, rekneskap og kontroll, kommunal og fylkeskommunal sakshandsaming.

**Ordinære anlegg:** Med ordinære anlegg meiner ein anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Ein del anlegg må på førehand vere gitt ei idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av departementet. Dette gjeld både for nybygg, rehabilitering og ombygging.

Ein kan normalt søke om 1/3 godkjend kostnad, og maksimalt tilskot er kr 1 000 000. Om ikkje anna er bestemt, er nedre grense kr 150 000. For idrettshallar og andre større anlegg er det eigne satsar.

Til turvegar og turstiar kan tilskotet vera halvparten av godkjend kostnad, inntil kr 1 000 000. Leigeavtale av grunn må minst vera på 30 år (gjeldande satsar frå 2013).

**Nærmiljøanlegg:** Med nærmiljøanlegg meiner ein anlegg eller område for eigenorganisert, fysisk aktivitet nær buområde, og/eller område der folk i alle aldrar ferdast. Med nærmiljøanlegg meiner ein berre anlegg ute. Søkar må ha rett til bruk av grunnen der anlegget skal plasserast, og avtalen må minst vera på 20 år. Eigar av anlegget pliktar at det er ope for eigenorganisert, idrettsleg, fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg skal på førehand ha idrettsfunksjonell godkjenning frå kommunen før byggearbeidet startar.

Det kan normalt søkjast om halvparten av godkjend kostnad, øvre tilskotsgrense er kr 300 000, og nedre grense er kr 25 000. Ein kan søkja om inntil kr 1,2 millionar kroner per anleggsstad, men det er ikkje noko grense for kor mange anlegg det blir søkt til.

Nærmiljøanlegg med ei kostnadsramme over kr 600 000, skal vera med i ein kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet, og anlegget kan takast med i planen ved rullering av handlingsprogrammet.

Anlegg i tilknyting til skulane sine uteområde går inn under tilskot for nærmiljøanlegg.

Søknadsskjema finn ein på [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no)

### 5.5.2 Andre tilskot

Fylkeskommunen har ulike tilskotsordningar for å fremja meir fysisk aktivitet og folkehelse, sjå [www.hordaland/.no/tenester/tilskot](http://www.hordaland/.no/tenester/tilskot)

I eit samarbeid med Gjensidigestiftinga og fylkeskommunane på Vestlandet, er det oppretta eit fond der det kan søkjast om pengar til merking og gradering av turløyper i Hordaland.

Hordaland fotballkrins får av og til midlar frå Trond Mohn. Bømlo kommune har fått tilskot til 2 ballbinger herifrå. Lokale gjevarar er likevel dei viktigaste støttespelarane.

Fylkeskommunen har friluftsliv som satingsområde, og har signalisert ynskje om fleire søknader til anlegg for friluftsliv.

## 6. Mål og strategiar

Kommunedelplanen sine mål for planperioden tek utgangspunkt i førre plan for perioden 2003 – 2006. Det blir samtidig lagt vekt på å forankra plandokumentet sine målsetjingar i gjeldande kommunedelplan for Bømlo kommune og i sentrale stortingsmeldingar.

### 6.1. Overordna målsetjingar

Det er aktiviteten som er det endelige målet, og i høve til anleggs- og områdeutviklinga i kommunen. Uansett form for fysisk aktivitet – frå organisert eliteidrett til eigenorganiserte aktivitetar og friluftsliv – er dei like viktige. «For alle» er ei synleggjering av at også menneske med nedsett funksjonsevne skal sikra gode høve for aktivitet. Universell utforming er difor eit viktig element i all utvikling av anlegg og område.

Bømlo kommune ynskjer å vera ein føregangskommune når det gjeld fysisk aktivitet, folkehelse og samhandling. Ved å jobba saman på tvers av ulike sektorar vil me nytte og byggja vidare på allereie eksisterande anlegg, aktivitetar, lag og organisasjonar. Med dette vil me for framtida saman finna dei gode løysingane og vegen å gå innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som høver den einskilde av innbyggjarane i Bømlo kommune.

Bømlo kommune ynskjer å legge til rette for at den organiserte idretten skal ha gode rammevilkår. Det vil vera viktig å sikra at tilskotsordningane stettar opp om det frivillige arbeidet i idrettslaga og at det blir bygd nye idrettsanlegg i tråd med behov innan aktivitetsutviklinga. Særleg merksemld vil vera retta mot å vidareutvikla eksisterande idrettsanlegg framfor å bygge nye. Barn og ungdom vil framleis vere gjennomgåande prioriterte målgrupper for tilskot frå Bømlo kommune.

Bømlo kommune vil samarbeide med Hordaland idrettskrets og idretten om eit kompetanseløft for trenrarar og leiarar, særskild med fokus på ungdomsidrett og unge trenrarar og leiarar. For å legge til rette for allsidigkeit og for at flest mogleg barn og unge skal få innblikk i ulike idrettar og høve for fysisk aktivitet er det ynskjeleg å utvikle samarbeid mellom skule og idrett/friluftsliv. Dette er også eit samarbeid som er viktig som ein del av anleggsutviklinga og i utvikling av aktivitetstiltak tilrettelagt etter skuletid og/eller som samarbeidstiltak mellom idrettslag og skular/SFO.

I tillegg har Bømlo kommune eit ansvar for å legge til rette for uorganisert fysisk aktivitet. Dette vil også vere god samfunnsøkonomi i høve førebygging. Det må setjast fokus på kva som kan gjerast for innbyggjarane i Bømlo som ikkje finn seg til rette i den organiserte idretten og dei kommersielle treningssentra. Kvar enkelt har ansvar for eiga helse, men Bømlo kommune ynskjer å jobba for at det blir lagt til rette for eit variert aktivitetstilbod for eigenorganisert fysisk aktivitet. Dette kan ein gjera ved å tilby ulike aktivitetar for barn, ungdom, vaksne, eldre og særskilte grupper som utviklingshemma, fysisk funksjonshemma, fleirkulturelle, barn og ungdom med overvekt, personar med psykiske lidningar, enten i regi av idrettslag, friluftsorganisasjonar eller i kommunal regi.

For å ivareta aktivitets- og bevegelsesbehov i Bømlo for framtida, er det naudsynt å finne smarte, funksjonelle og fleksible anleggsløysingar. Bømlo er i ei særstilling med mange og gode anlegg.

**Mål 1**

Alle innbyggjarane i Bømlo skal oppleva at dei har eit tilbod som gjer det mogleg å vera fysisk aktive i naturen, i nærmiljøet og i idrettsanlegg, uansett alder og behov.

**Mål 2**

Det skal bli lagt til rette for utvikling av idretts- og nærmiljøanlegg som fremjar aktivitetsvariasjon på tvers av alder, kjønn og funksjonsnivå.

**Mål 3**

I Bømlo skal alle ha høve til å driva enkle friluftsaktivitetar i nærmiljøet. Det skal vere tilrettelagt for tura, bading og friluftsliv i alle tettstadane/krinsane.

## 6.2 *Delmål*

### 6.2.1 Aktivitet

Kva:	Korleis:
Evaluera ordninga om gratis halleige for barn under 12 år, og vurdera vidareføring av denne.	Sak til utval for oppvekst, kultur og idrett innan 2017.
Prioritera barn og unge, for å oppnå ei god folkehelse for denne aldersgruppa	Haldningsskapande arbeid i barnehagar og skule gjennom heile året.
Vidareføra og vidareutvikla tiltak innan fysisk aktivitet for seniorar og elder	Oppmoda lag og organisasjoner til å søkja om midlar gjennom til dømes Gjensidigestiftelsen.
Prioritera barn og unge gjennom «aktivitetsssekken» - eit pilotprosjekt for tettare samarbeid mellom skule, SFO og lag/organisasjonar.	Sak til utval for oppvekst, kultur og idrett innan utgangen av 2016 i samarbeid med Bømlo idrettsråd og andre lag/organisasjonar.
Fleire ut på tur	Leggja ut turforslag på nettet der ein finn tur-skildring og kart. Samarbeida med frilufts-organisasjonar og andre
Stimulera til aktivitet i lag og organisasjoner og vurdera driftstilskot i lys av dette.	Sak i samband med handsaming av budsjett 2017.
Sikra spesifikke tiltak som fremjar fysisk aktivitet mot minoritetsgrupper spesielt.	Blir ivaretatt gjennom integreringsplanen.

## 6.2.2 Anlegg og område for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Kva:	Korleis:
Eksisterande anlegg og område tilrettelagt for fysisk aktivitet og idrett skal takast vare på	Det må lagast ein oversikt/tilstandsrapport over alle anlegg og område som er registrert i anleggsregisteret. Bømlo kommune må ta initiativ til dette ilag med Bømlo idrettsråd.
